

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykker ref.:

Bergen, 28. august 2006

200405210-5/000/HEGG

Forslag til endringar i vallova - høyringsfråsegn

Det blir vist til brev datert 20.06.06.

Fylkesutvalet behandla i møte 23.08.06 sak 210/06 Forslag til endringar i vallova – høyring, og gjorde slikt vedtak, samrøystes:

1. Hordaland fylkeskommune stør i hovudsak Kommunal- og regionaldepartementet sine forslag til endringar i vallova slik dei kjem fram i "Høringsnotat om endringer i valgloven" og høyringsbrev datert 20.06.06.
2. Av omsyn til tilliten til valavviklinga bør det takast stilling til om det er behov for særleg godkjenningsordning for elektroniske teljesystem uavhengig av eventuell innføring av elektronisk val.
3. Hordaland fylkeskommune ser ikkje at det er behov for lovfesta restriksjonar for publisering av meiningsmålingar i media dei siste dagane før valdagen.
4. Hordaland fylkeskommune stør ikkje forslaget om tidlegare slutt på førehandsrøysting. Snarare bør det vera høve til å førehandsrøysta så tett opp til valet som mogeleg. Om nødvendig kan dette avgrensast til veljarar som bur i kommunen.
5. Hordaland fylkeskommune stør å forskyva skjæringsdatoen frå 31. mai til 30. juni.
6. Det blir elles vist til fylkesrådmannen sine merknader i saksframlegget.

Kopi av saksframlegg og særutskrift ligg ved.

Brit Mari Heggøy
Brit Mari Heggøy
e.f.